

**Fra:** Jon-Rune Smørdal (Jon-Rune.Smordal@hfk.no)

**Sendt:** 07.09.2018 14:55:49

**Til:** 'edelbrorvik@hotmail.com'

**Kopi:** Håvard Mørch Hunskaar (havard.hunskaar@vegvesen.no); 'Mæsel Beate'; 'Midtun Harald Arne'

**Emne:** Fv 400, Fonnebostvegen

**Vedlegg:**

Edel May Gullaksen Brørvik

Eg viser til e-post sendt 20. juni 2018 om behov for utbetring av Fv 400, Fonnebostvegen.

Det vart stilt spørsmål rundt den same vegen i utval for miljø og samferdsel. I møte i utvalet 06.09.2018 vart det svart på spørsmålet:

"

Astrid Aarhus Byrknes (KRF) har stilt slikt spørsmål:

Innbyggjarar på Fanebust i Lindås har hatt kontakt med Lindås kommune v/ politisk leiing vedk Fv 400 frå Lindås senter og ned til Fonnebost. Bla vert det sagt at dei kjører "slalom" på denne vegen der dekke no er så utslitt at fleire hat fått øydelagt bilane sine med knekte fjører. Vegen har eit asfaltdekke som bærer preg av lapp på lapp og dette gjev mykje holete asfalt og svært dårleg vegskulder. Det er også stilt spørsmål om ein kan utføra vinterarbeid, altså brøyting, uten å ta med seg asfalt då dekket er ujamnt. Det er særlig strekket frå Lindås senter- avkjøringa Lindås bu og service og til litt forbi krysset til Holmås som er særst ille. Det er som å kjøra på ei «ujamn ferist». Mogleg ein kan sjå på muligheten til å ta dette stykket skikkelig og ikkje nødvendigvis heile strekket på 4km? Kan ein ta ei synfaring for å vurdere denne vegen (Fv 400) for så å gje vegen ei opprustning i forhold til dekket?

Svar på spørsmålet:

Statens vegvesen deler oppfatninga om låg standard på Fv 400. Deler av den omtalte strekninga er spesielt ille og det bør utførast fullverdig dekkelegging (fra Hp2 m608 til hp2 m1369). Utfordringa er å finansiere nytt dekke. På generelt grunnlag må det opplysast om at det er mykje dårleg dekke på dei gamle fylkesvegane i Hordaland og det er utfordrande å halde standarden oppe. Budsjetta er låge og syklusen for reasfaltering er lang.

Tildelte midlar er bundne opp i inngåtte kontraktar (anbod). Dersom Fv 400 skal inn på dekkeprogrammet nå må noko anna utgå, eller det må tilførast ekstra midler. I hovudsak er det to alternativ; ein «ligth» løysning og ein meir permanent løysning.

Flatlapping: ca. 250-300' inkl. mva. Fullverdig dekke: ca. 650' inkl. mva. + eventuell grøftereinsk/stikkrenner. I overslaget er det ikkje teke høgde for at det kan kome krav frå entreprenør om tillegg for endring i oppsatte planar.

"

Venleg helsing

Jon-Rune Smørdal

seniorrådgjevar

Samferdselsavdelinga | vegseksjonen

e-post: Jon-Rune.Smordal@hfk.no

www.hordaland.no

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Edel May Gullaksen Brørvik <edelbrorvik@hotmail.com>

Sendt: onsdag 20. juni 2018 22:31

Til: Samferdselsavdelinga - Postmottak <samferdsel@hfk.no>

Emne: Fv 400, Fonnebostvegen

Har hatt kontakt med Øystein Kvamme i Statens Vegvesen i dag, angående veidekket på Fonnebostveien, Fv 400. Han bekreftet problemene med det dårlige veidekket og sa det var noe de hadde hatt kjenskap til lenge. Videre sa han at de ikke hadde planer om å utbedre asfalten før de fikk mer penger fra fylket og henviste meg til dere.

Ber derfor om svar fra dere hvem vi skal kontakte, for å få utbedret denne strekningen.

Mvh

Edel May Gullaksen Brørvik

Sendt fra min iPhone